



Statens vegvesen

Faglaborant/laboratorieingeniør

Om stillingen

I Statens vegvesen Region vest har vi ledig stilling som faglaborant/ laboratorieingeniør med kontorstad Stavanger.

Stillinga er knytt til Lab- og Vegteknologiseksjonen på Ressursavdelinga i Region vest. Seksjonen har i dag 16 medarbeidarar fordelt på sertifiserte analyselaboratorium i Bergen og Stavanger. Du kan få oppgåver innan fleire av fagområda, men hovuddelen vil vere på fagfeltet asfalt og steinmaterialar.

Ei av seksjonen sine hovudoppgåver er å støtte prosjekta i regionen med kontroll av utføring og kvalitet på materiala som vert nytta til vegbygging. Vi utfører felt- og laboratorieundersøkingar innan fagområda betong, steinmateriale, asfalt og geoteknikk.

Arbeidsoppgåver

- laboratorietesting av materialar til vegbygging (asfalt, steinmaterialar, geoteknisk)
- kontroll av dokumentasjon, reseptar og rapportere resultat
- kontrolloppgåver ute på felt, utføre prøvetaking og visuell kontroll
- service, kalibrering og kontroll av instrumenter
- tolking og rapportering av måledata
- følgje opp kvalitetssystem og HMS-arbeid
- delta i fagmøter
- generell laboratoriedrift

Da Statens vegvesen er under endringa, treng vi at du har ei fleksibel og løysningsorientert haldning til eventuelle endringar, både i oppgåver og ansvar.

Kvalifikasjonskrav

Det krevst at du har fagbrev som faglaborant eller er ingeniør i fagfelt kjemi.

Dersom du har sterk allsidig praksis frå dei aktuelle fagområda, samt god personlege føresetnader for stillingane, kan kravet til utdanning fråvikast.

Dersom du har teke heile eller delar av utdanninga di i utlandet, ber vi om ei autorisert oversetjing av dine papir og ei godkjenning frå NOKUT (www.nokut.no).

Søkjær må ha førarkort for bil (B) og ønskeleg BE.

Det er ønskeleg at du har relevante erfaring frå laboratoriearbeid innan asfalt, steinmateriale og geoteknikk analyser. Kjennskap til vårt laboratorieprogram Labsys vil vera ein fordel.

Du har fokus på, og forstår, viktigheita at eit godt HMS-arbeid. Du må og kunne uttrykke deg godt på norsk, både skriftleg og munnleg, vere god på dokumentasjon og kunne syne til gode samarbeidsevner. Stilling inneber ein del bruk av IT-verktøy.

Stillinga inngår i det faglege fellesskapet vi har på seksjonen. Dei fleste oppgåvene vil vera knytt til analysearbeid og tekniske kvalitetsarbeid , men du vil og få gode moglegheiter til å utfordre deg sjølv på oppgåver du ikkje har prøvd før.

Vi vektlegge personlege eigeskapar. Det er en fordel om du er strukturert, effektiv, nøyaktig, kvalitetsbevisst og sjølvstendig. Du må takle hektiske arbeidsdagar i periodar.

Stort engasjement, mykje ansvar og fagleg utvikling

Som tilsett i Statens vegvesen blir du ein del av eit engasjert og tungt fagmiljø som tenkjer nytt, deler kunnskap og jobbar tett saman. Du er med på å påverke samfunnsutviklinga og får bidra til framtidssrette løysingar på fagfeltet ditt. Vi gir deg viktige oppgåver med mykje ansvar, og vi treng medarbeidarar som ønskjer å utvikle seg i takt med nye utfordringar.

Medarbeidarane våre fortel om spennande arbeidskvardagar med god balanse mellom arbeid og fritid.

Vi tilbyr også desse goda:

- introduksjonsprogram og fadderordning
- fleksitid og gode ordningar for avspasering
- pensjonsordning og høve til å få lån i Statens pensjonskasse
- etatsskolar og høve til fagleg påfyll

Lønna blir avtalt nærare i samsvar med lønnspolitikken vår.

Statens vegvesen skal vere prega av mangfald, og våre tilsette skal spegle samfunnet. Vi vil tilpasse arbeidshøva dersom du har behov for det.

Statens vegvesen ønskjer å vere ein arbeidsgjevar som speglar mangfaldet i samfunnet. Me jobbar for å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad, og vil gjerne ha ein søknad også frå deg som har nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, men som elles fyller kvalifikasjonskrava til stillinga. Me gjer merksam på at opplysningar om nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en kan brukast til registrering

Søknad

Vi gjer merksam på at søkjarlista kan verte offentleggjord, sjølv om du har bedt om unntak frå denne. Du vil i så fall verte varsla.

Meir utfyllande informasjon om stillinga kan du få ved å kontakte seksjonsleiar Iris Hackelberg på mobil 97799423 eller e-post iris.hackelberg@vegvesen.no

Om Statens vegvesen

Statens vegvesen arbeider for at både gåande, syklande, køyrande og kollektivreisande skal komme trygt fram. Vi planlegg, bygger, driftar og vedlikeheld riks- og fylkesvegar og har tilsyn med køyretøy og trafikantar. Som vegadministrasjon for fylkeskommunane og staten yter vi fagleg grunnlag for politiske avgjerder og set dei ut i livet.

Vi er ein stor samfunnsaktør med ca. 7500 engasjerte medarbeidarar med brei kompetanse fordelt på Vegdirektoratet og fem regionar.

Vi er inne i ein periode med fleire spennande endringsprosessar, noko som vil påverke både struktur og oppgåvesamansetjing.

Jobbnorge-ID: 174646, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut